



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
10.4.2011	x/2010	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
5/11	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	14.4.2011

IMPLEMENTERING AV BEDRIFTSELSETENESTE OG ARBEIDSMILJØKARTLEGGING

Vedlegg:

1. Informasjonsbrev frå fylkesrådmannen til alle driftseiningar om framdrift på arbeidsmiljøkartlegging og økonomiske rammer for bedriftshelseteneste.
2. Periode-/aktivitetsplan for avtalt bistand fra Hjelp24 (mal).
3. BHT-budsjett, økonomiske rammer driftseiningsnivå.

Generell informasjon om bedriftshelsetenesta på intranettet:

<https://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/HMS/Bedriftshelseteneste>

1. Implementering av bedriftshelseteneste

Etter ein open anbodskonkurranse vart det seinhausten 2010 inngått avtale med Hjelp24 om levering av bedriftstenesteter til Møre og Romsdal fylkeskommune. Avtalen omfattar alle driftseiningar og tilsette i fylkeskommunen.

Bedriftshelsetenesten skal bistå leiarnivåa i Møre og Romsdal fylkeskommune i det systematiske og målretta HMS-arbeidet i organisasjonen. Ordninga skal gi heilskapleg og førebyggjande bistand i arbeidsmiljøsainga på eit høgt og relevant fagleg nivå innan fleire kompetanseområde, t.d. psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø, arbeidshelse, ergonomi, og systematisk HMS-arbeid. Dei konkrete BHT-oppgåvene vil kunne variere mellom driftseiningane, avhengig av behova i eininga og krava frå fylkesnivået.

Det systematiske HMS-arbeidet, med fokus på arbeidsmiljøkartleggingar og risikovurderingar, vil definere premissane/innsatsområda for ulike bedriftshelsetenester. Bedriftshelsetenesten sine hovudoppgåver vil vere knytt til arbeid på system- og driftseiningsnivå. I prinsippet vil kvart tannhelsedistrikt bestille BHT-tenester i samsvar med lokale utfordringar i HMS-arbeidet. Dette betyr at standardiserte opplegg gjennom t.d. faste periodiske individuelle helsekontrollar ikkje er ønska for andre tilsette enn dei gruppene som er omfatta av krav om slike kontrollar som følgje av særleg risikoutsette arbeidsoppgåver.

I løpet av 2. kvartal 2011 vil Hjelp 24 gjennomføre informasjons- og oppstartsmøter i alle sektorar i fylkeskommunen. Dette vil vere arbeidsmøte med leiinga, vernetenesta og AMU/SAMUT for å avklare kva for faste arenaer og aktivitetar BHT skal delta i og korleis identifiserte arbeidsmiljøutfordringar skal følgjast opp. Aktivitetar i driftseininga sin HMS-årsryklus vil vere utgangspunkt for desse drøftingane. Dette blir tema på SAMUT-møtet 14. april og på leiarsamlinga i tannhelsesektoren 29. april. Målet må vere å lage aktivitets-/periodeplan som avklarar H24s bistand til det enkelte tannhelsedistriktet (mal følgjer vedlagt).

2. Økonomiske rammer og rutine for bestilling av BHT

I vedtatt budsjett for 2011 og økonomiplan for perioden 2011 - 2014 er det sett av ei årleg ramme på kr. 2.500.000 til BHT. Ramma blir todelt slik at kr. 2.000.000 blir fordelt til driftseiningane med utgangspunkt i ei pro-ratafordeling relatert til antal tilsette. Som følgje av rammebudsjettering vil einingane stå fritt innafor eiga ramme til kjøp av bedriftshelsetenester utover den ramma som no blir tilført som "friske midlar". Kr. 500.000 av den samla ramma på kr. 2.500.000 blir sett av som ein "buffer" der driftseiningane kan søke om ekstra midlar til oppfølging av større tiltak eller prosjekt.

I **tannhelsesektoren** blir 2/3 av den økonomiske ramma for sektoren fordelt på distriktsnivå, med overtannlegen som koordinerande og bestillande mynde for sitt distrikt. Bruken av BHT skal naturleg skje i samråd med lokal vernetenesta. Det er viktig at den som bestiller, gjer dette skriftleg (gjerne på mail) slik at ein har intern dokumentasjon på bestillinga som grunnlag for fakturakontroll.

Hjelp24 vil lage separate fakturarar for det enkelte tannhelsedistrikt. Timeprisen for alle fagområde Hjelp24 leverar tenester på, er kr. 990,-. Av fakturaene skal det gå fram tidspunkt for leveringse og kva tenesta/aktiviteten gjeld.

Dei økonomiske rammene er vist i vedlegg.

Kvar driftseining har oppnevnt eigne kontaktpersonar i Hjelp 24, det er desse kontaktpersonane versemdene skal nytte ved bestilling og løpande kontakt. Kontorsjef/administrativ leiar hos fylkestannlegen er hovudkontakt i tannhelsesektoren mot Hjelp 24. Sektoren sin hovudkontakten i Hjelp 24 er Venke Dale, tlf. 975 42 755, epost: venke.dale@hjelp24.no.

3. Arbeidsmiljøkartlegging

Fylkesrådmannen har lagt opp eit løp for gjennomføring av ei totalkartlegging av arbeidsmiljøet i alle driftsiningar i løpet av 2. og 3. kvartal. Denne kartlegginga vil identifisere kva aktivitetar og tiltak som skal inngå i handlingsplaner for arbeidsmiljøet i den enkelte driftseining. Kartlegginga dannar dermed grunnlag for kva for BHT og kompetanse det er aktuelt å kjøpe frå Hjelp 24.

Kartlegginga av arbeidsmiljøet vil vere todelt. Ein del blir gjennomført på driftseiningsnivå der Hjelp24 kan bistå med gjennomføring av riskovurdering og vernerunder, og ein del som skjer i regi av fylkesnivået (kvantitativ medarbeidarundersøking). Den kvantitative medarbeidarundersøkinga vil ha hovudfokus på psykososialt- og organisatorisk arbeidsmiljø og vil vere forankra mot fylkeskommunen sin nye arbeidsgivarpolitikk.

Det er gjennomført opplæring, via ein eigen HMS temamodul om arbeidsmiljøkartlegging/risikovurdering 24. mars.

Arbeidstilsynet gjennomførte hausten 2010 eit tilsyn i Møre og Romsdal fylkeskommune. Etter dette tilsynet fekk vi pålegg om å gjennomføre ei kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i organisasjonen. Fristen frå Arbeidstilsynet er sett til 1. november 2011.

4. Opplegg for arbeidsmiljøkartlegginga i tannhelsesektoren

Fylkesrådmannen ber i vedlagte skriv om at driftseiningane startar planlegginga av vernerundar og risikovurderingar så snart som råd, og at kartleggingsaktivitetane er gjennomført innan sommarferien i år.

I samsvar med bestillinga frå fylkesrådmannen skal gjennomførast:

- vernerundar i alle tannhelsedistrikta
- evt. gjennomføre risikovurderingar på dei områda ein oppfattar som mest risikofyllt.

Risikovurderingane bør fokusere på fysiske faktorar som brann, inneklima, ergonomi, etc. Etter kartlegginga kan bedriftshelsetenesta også bistå med handlingsplan og gjennomføring av vidare tiltak.

Vi tilrår slik framdrift på kartleggingsaktivitetane:

Aktivitet	Frist
SAMUT behandlar prosess/framdrift for arbeidsmiljøkartlegging i tannhelsesektoren	14. april
Prosess/framdrift for arbeidsmiljøkartlegging og implementering av BHT er tema dag to i leiarsamlinga for sektoren	29. april
Vernerundar og risikovurdering gjennomført	6. juni 2011
Stausrapportering for gjennomført kartlegging SAMUT	9. juni 2011
Tannhersedistrikta utarbeider handlingsplan for fysisk arbeidsmiljø	20. juni 2011
Presentasjon av handlingsplanarfor SAMUT	15 sept. 2011
Kartlegging av psykososiale arbeidsmiljøfaktorar for heile organisasjonen (felles sentral undersøking)	Sept. 2011
Handlingsplan for psykososialt arbeidsmiljø	15. nov. 2011
Behandling av handlingsplan i SAMUT	1. des. 2011

Forslag til vedtak:

SAMUT tek orienteringa om BHT og arbeidsmiljøkartlegging til vitande og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
kontorsjef

VEDLEGG 1 TIL SAMUT 5/11

Til alle driftseiningar

Informasjon om framdrift på arbeidsmiljøkartlegging og økonomiske rammer for bedriftshelseteneste

1. Arbeidsmiljøkartlegging

Vi har tidlegare sendt ut informasjon om implementering av bedriftshelsetenesta (dette er lagt ut på nettsida om BHT:

<https://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/HMS/Bedriftshelseteneste>

Her er det lagt opp eit løp for gjennomføring av ei totalkartlegging av arbeidsmiljøet i alle våre driftseiningar. Den 24 mars vart det gjennomført ein HMS-temamodul om arbeidsmiljøkartlegging. Her gjekk vi gjennom kartleggingsmetodikk med hovudvekt på risikovurdering.

Eit anna mål med denne opplæringa var også å utvikle bestillarkompetanse med bruk av bedriftshelseteneste. Bedriftshelsetenesta vil om ønskjeleg kunne hjelpe til med t.d. planlegging og gjennomføring av vernerundar og risikovurderingar. Etter gjennomføring kan dei også bistå med utarbeiding av handlingsplan og tiltak i desse til forbetring av arbeidsmiljøet. Kartlegging og handlingsplanlegging er også beskrive i HMS-modul 3 og handboka kap 3 og 4.

<https://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/HMS/Modulbasert-HMS-opplaering>

<http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/HMS/HMS-systemet-i-fylkeskommunen/HMS-systemhandbok/3.-Kartlegging>

<http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/HMS/HMS-systemet-i-fylkeskommunen/HMS-systemhandbok/4.-Handlingsplan>

Vi tilrår at kartlegging av fysisk arbeidsmiljø blir gjort før sommarferien.

Arbeidstilsynet gjennomførte hausten 2010 eit tilsyn i Møre og Romsdal fylkeskommune der oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet var vektlagt. Etter dette tilsynet har vi fått pålegg om å gjennomføre ei kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet.

Tilsynet avdekte avvik mellom korleis HMS-systemet beskriv at vi skal jobbe og kva som faktisk er dokumentert av praksis i våre arbeidsbøker. Fristen frå AT til å kartlegge og utarbeide utarbeide handlingsplanar er sett til 1 november 2011.

Vi ønskjer å sikre oss at dei kartleggingsaktivitetane som er dokumentert i HMS-internkontrollsystemet blir gjennomført. Dette inneberer meir spesifikt:

- Gjennomføre vernerundar i alle avdelingane i.h.t. årshjulet
- Evt. gjennomføre risikovurderingar på dei områda ein oppfattar som mest risikofylt.

I tillegg har vi fastsett at det skal gjennomførast ei **felles kvantitativ kartlegging av det psykososiale og organisatoriske arbeidsmiljøet** i heile organisasjonen. Dette betyr at alle tilsette vil bli omfatta av denne undersøkinga som er tenkt gjennomført i

september 2011.

Som eit døme på framdrift har Samarbeidsutvalet for sentraladm lagt opp følgjande plan:

Aktivitet	Frist
Vernerundar og risikovurdering gjennomført	23. mai. 2011
Stausrapportering for gjennomført kartlegging til SAMU	26 mai. 2011
Avdelingane i sentraladministrasjonen utarbeider handlingsplan for fysisk arbeidsmiljø	15 juni. 2011
Presentasjon for SAMU	15 sept. 2011
Kartlegging av psykososiale arbeidsmiljøfaktorar for heile organisasjonen (felles sentral undersøking)	Sept. 2011
Handlingsplan for psykososialt arbeidsmiljø	15. nov. 2011
Handsaming av handlingsplan i SAMU	1. des. 2011

2. Bedriftshelsetenesteavtale med Hjelp 24

Parallelt med dette løpet implementerer vi ei ny ordning for bedriftshelseteneste (avtale med Hjelp 24). Denne implementeringa fører til at vi får noko forskyvingar i høve årshjulet. Hjelp 24 vil kunne bistå med planlegging og gjennomføring av vernerundar og risikovurderingar, jf. omtalen under pkt. 1. Risikovurderingane bør fokusere på fysiske faktorar som brann, inneklima, ergonomi, etc., jf. arbeidsmiljøfaktorane omtalt i systemhandboka XX

Vi ber om at avdelingane startar planlegginga av vernerundar og risikovurderingar så snart som råd, og at ein nyttar seg av dei bedriftshelsetenestene som avtalen gir høve til.

Kvar enkelt driftseining har fått utpeika sin eigen kontaktperson i Hjelp24. Dersom det oppstår meir prinsipielle spørsmål om bruk av BHT kan de ta kontakt med Venke Dale som er vår hovudkontaktperson hos Hjelp 24. Ved spørsmål til avtalen eller opplegget rundt kartlegging av arbeidsmiljøet kan også Richard Muller, Martin Hauge eller Dag Lervik i personalseksjonen kontaktast. Martin Hauge har no tatt over som ny HMS-koordinator etter Morten Larsen.

Økonomiske rammer og rutine for bestilling av BHT

Oversikt over fordeling økonomiske rammer til driftseningane for kjøp av BHT går fram av eigevedlegg (rekneark).

Kontakt vedrørende sentral ramme (buffer), som er meint brukt til større tiltak og som ikkje kan dekkjast innafor eiga ramme, skal gå via personalseksjonen v/ Richard Muller (tlf. 7125 8691) eller Martin Hauge (tlf. 7125 8714).

Kvar enkelt driftseining skal forhalde seg til sine utpeika kontaktpersonar i Hjelp 24, ved bestilling og løpande kontakt. Ved meir overordna og prinsipielle spørsmål om BHT-ordninga kan som tidlegare nemnt hovudkontakt Venke Dale kontaktast på tlf. 975 42 755, epost: venke.dale@hjelp24.no

Kvar enkelt driftseining skal frå 01.01.2011 føre alle BHT-utgiftene på eit eige prosjektnummer; 1050 BHT-driftseiningar og på konto/art 12701 - Konsulenttjenester, slik at utgiftene til BHT blir synleggjort i rekneskapet på ein oversiktleg og lik måte for alle driftseiningar. Driftseiningane står sjølvstøtt fritt innafor rammebudsjetteringsprinsippet til å kunne bruke meir midlar innafor eiga ramme enn det som no blir tilført som "friske midlar".


Vi tek atterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjettending om fordeling av sentralt tildelt ramme til BHT.

Helsing

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Dag Lervik
Personalsjef

Vedlegg:



VEDLEGG 2 TIL SAMUT 5/11

PERIODEPLAN for avtalt bistand fra Hjelp24 HMS til År:

(Periodeplanen er basert på den avtalen som foreligger mellom partene og inneholder de aktiviteter som er avtalt skal gjennomføres for det aktuelle året)

Tjenesteområde	Avtalt aktivitet – beskrivelse og hensikt	Tidspunkt	Ansvar
Systematisk HMS arbeid. <ul style="list-style-type: none"> Risikokartlegging. Vernerunder. Deltagelse AMU, andre HMS-utvalg BHTs årsplanmøte, årsrapport. Revisjoner Rådgivning/oppfølging 	<ol style="list-style-type: none"> Det utarbeides en handlingsplan over avtalt aktivitet med bakgrunn i identifiserte utfordringer for avtalt periode, samt årsrapport som dokumentasjon på samarbeidet som settes inn i internkontrollsystemet. Hjelp24 HMS bidrar til vedlikehold/ oppdatering av liste over forskrifter under arbeidsmiljøloven som gjelder for bedriften. Oversikten vil kunne brukes til å avgjøre hvilken målrettet bistand BHT skal gi bedriften. 	I forbindelse med implementering av BHT i 2011 vil denne aktiviteten skje i 2. og 3. kvartal. Fra 2012 vil denne aktiviteten kunne skje i 1. kvartal.	Dere/Hjelp24
Sykefravær <ul style="list-style-type: none"> Individoppfølging/dialogmøte Kartlegging av sykefravær Rådgivning til bedrift Deltagelse IA/sykefraværsutvalg 	<ol style="list-style-type: none"> Hjelp24 bistår i sykefraværsoppfølging når det er behov. Dette gjelder for oppfølgingsplaner, dialogmøter og eventuelle annen bistand, jfr, Arbeidstilsynets best. nr. 600 § 4 f. Hjelp24 bistår på dialogmøte/IA-møte den siste onsdagen hver måned. Bistand med resignering ny IA-avtale <p>- Bistand skal bidra til å hjelpe arbeidstaker raskere tilbake til arbeid, samtidig som at hensynet til helsen er ivarettatt.</p>		Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.
Krisehåndtering <ul style="list-style-type: none"> Bistand ved ulykker/alvorlige hendelser Individoppfølging Rådgivning til bedrift. 	<ol style="list-style-type: none"> Hjelp24 bistår med eget kriseteam ved behov. Vi har også tilbud om gratis døgnåpen krisetelefon med helsepersonell. 810 024000. Bruk av Personalsorg/kriseperm (for VGS) 	Løpende	Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.

PERIODEPLAN for avtalt bistand fra Hjelp24 HMS til År:

(Periodeplanen er basert på den avtalen som foreligger mellom partene og inneholder de aktiviteter som er avtalt skal gjennomføres for det aktuelle året)

Tjenesteområde	Avtalt aktivitet – beskrivelse og hensikt	Tidspunkt	Ansvar
Systematisk HMS arbeid. <ul style="list-style-type: none"> Risikokartlegging. Vernerunder. Deltagelse AMU, andre HMS-utvalg BHTs årsplanmøte, årsrapport. Revisjoner Rådgivning/oppfølging 	<ol style="list-style-type: none"> Det utarbeides en handlingsplan over avtalt aktivitet med bakgrunn i identifiserte utfordringer for avtalt periode, samt årsrapport som dokumentasjon på samarbeidet som settes inn i internkontrollsystemet. Hjelp24 HMS bidrar til vedlikehold/ oppdatering av liste over forskrifter under arbeidsmiljøloven som gjelder for bedriften. Oversikten vil kunne brukes til å avgjøre hvilken målrettet bistand BHT skal gi bedriften. 	I forbindelse med implementering av BHT i 2011 vil denne aktiviteten skje i 2. og 3. kvartal. Fra 2012 vil denne aktiviteten kunne skje i 1. kvartal.	Dere/Hjelp24
Sykefravær <ul style="list-style-type: none"> Individoppfølging/dialogmøte Kartlegging av sykefravær Rådgivning til bedrift Deltagelse IA/sykefraværsutvalg 	<ol style="list-style-type: none"> Hjelp24 bistår i sykefraværsoppfølging når det er behov. Dette gjelder for oppfølgingsplaner, dialogmøter og eventuelle annen bistand, jfr, Arbeidstilsynets best. nr. 600 § 4 f. Hjelp24 bistår på dialogmøte/IA-møte den siste onsdagen hver måned. Bistand med resignering ny IA-avtale <p>- Bistand skal bidra til å hjelpe arbeidstaker raskere tilbake til arbeid, samtidig som at hensynet til helsen er ivarettatt.</p>		Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.
Krisehåndtering <ul style="list-style-type: none"> Bistand ved ulykker/alvorlige hendelser Individoppfølging Rådgivning til bedrift. 	<ol style="list-style-type: none"> Hjelp24 bistår med eget kriseteam ved behov. Vi har også tilbud om gratis døgnåpen krisetelefon med helsepersonell. 810 024000. Bruk av Personalsorg/kriseperm (for VGS) 	Løpende	Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.
Livsstil og helse. Helsefremmende tiltak <ul style="list-style-type: none"> Fokus Livsstil Fysisk aktivitet Kosthold Motivasjon og mestring. Stressmestring. Røykeavvenning 		Løpende	Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.
Undervisning og kurs <ul style="list-style-type: none"> Grunnkurs arbeidsmiljø Lederkurs arbeidsmiljø Førstehjelpskurs Andre kurstilbud 	Grunnkurs/lederkurs initieres og administreres av arbeidsgiver på fylkesnivå		Dere bestiller bistand etter behov/ risikokartlegging.
Andre tjenester eventuelt			

Kontaktopplysninger:

Navn	Funksjon	e.post	Telefon
	Kundens kontaktperson		
	Kundeansvarlig Hjelp24HMS		

VEDLEGG 3 TIL SAMUT 5/11

BHT

OVERSIKT OVER BUDSJETTENDRINGAR FRÅ PERSONAL TIL DRIFTSEININGANE APRIL 2011: NB! ALLE BELØP BLIR AVRUNDA TIL NÆRASTE TUSEN.

ART	ANSVAR	RAMME	TENESTE	PROSJEKT	SKOLE	ANTAL TILSETTE	BELØP PR DRIFTSEINING
12701	20100	05	5151	1050	Atlanten vgs	83	68 475,00
12701	20500	07	5151	1050	Borgund vgs	199	164 175,00
12701	20600	08	5151	1050	Fagerlia vgs	132	108 900,00
12701	20800	09	5151	1050	Fannefjord vgs	17	14 025,00
12701	20900	10	5151	1050	Fræna vgs	90	74 250,00
12701	21000	11	5151	1050	Gjermundnes vgs	44	36 300,00
12701	21200	12	5151	1050	Haram vgs	48	39 600,00
12701	21300	13	5151	1050	Herøy vgs	80	66 000,00
12701	21513	14	5151	1050	Kristiansund vgs	185	152 625,00
12701	21600	15	5151	1050	Molde vgs	101	83 325,00
12701	22000	18	5151	1050	Rauma vgs	42	34 650,00
12701	22100	19	5151	1050	Romsdal vgs	183	150 975,00
12701	22300	20	5151	1050	Spjelkavik vgs	60	49 500,00
12701	22400	21	5151	1050	Stranda vgs	46	37 950,00
12701	22600	22	5151	1050	Sunnal vgs	57	47 025,00
12701	22700	23	5151	1050	Surnadal vgs	54	44 550,00
12701	22800	24	5151	1050	Sykkylven vgs	59	48 675,00
12701	22900	25	5151	1050	Tingvoll vgs	37	30 525,00
12701	23000	26	5151	1050	Ulstein vgs	91	75 075,00
12701	23100	27	5151	1050	UPA - skolen	8	6 600,00
12701	23400	28	5151	1050	Volda vgs	100	82 500,00
12701	23500	29	5151	1050	Ørskog vgs	30	24 750,00
12701	23600	30	5151	1050	Ørsta vgs	82	67 650,00
12701	23700	31	5151	1050	Fagskolen i Ålesund	35	28 875,00
12701	24001	31	5151	1050	Fagskolen i Kristiansund	18	14 850,00
12701	23800	32	5151	1050	Ålesund vgs	115	94 875,00
					Til saman VGS	1996	1 646 700,00
12701	49900	51	6600	1050	Tannhelse	186	153 450,00
					SAMLA BUDSJETTENDRING	2182	1 800 150,00
12701	13200	1	4200	1052	Sentraladm (personal)	230	189 750,00
						2412	1 989 900,00
							-
12701	13200	1	4200	1051	Buffer		500 000,00
					Fordelt		2 489 900,00
					Løyvd		2 490 000,00
					Differanse		-100,00
BELAST KONTO:							
12701	13200	1	4200	1050			1 800 150,00

Fordeling av tildelte rammer:

kr 2.490.000-kr 500.000 (=buffer)= 1.990.000 : 2412 = kr 825 pr tilsett

NB! Vi tek atterhald om at fylkestinget vedtek saka om budsjettendring i april 2011.

Viser også til tidlegare utsendt informasjon om bedriftshelsetenesta.